



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Pressemelding

Nr.: 46/10

Dato: 11.06.2010

Kontaktperson: Kommunikasjonssjef Hanne Gjørtz, t. 95 75 52 13

Omorganisering av ABM

Regjeringa la i statsråd i dag fram stortingsmelding om omorganisering på arkiv, bibliotek og museumsfeltet.

Regjeringa ynskjer å overføre oppgåver og ressursar i ABM-utvikling til Nasjonalbiblioteket, Norsk Vitskapsindeks og Norsk kulturråd.

Statlege bibliotekoppgåver vil etter dette bli samla i Nasjonalbiblioteket, som også vil få eit klårare mandat til samarbeid og samordning av bibliotekløysingar i universitets- og høgskulesektoren. I tillegg får Kulturrådet nye oppgåver, særleg på museumsfeltet.

Omstillinga skal føre til sterkare fagmiljø på arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet og klargjere roller og ansvar på statleg nivå.

Sjå også [pressemelding frå Kulturdepartementet av 21. mai 2010](#).

Lenkje til [St.meld. 20 \(2009-2010\) Omorganisering av ABM-utvikling](#)